

# KONTRAKT FOR KONFIRMASJONSTIDA KONSMO OG GRINDHEIM – 2018/2019

NAMN PÅ KONFIRMANTEN: \_\_\_\_\_

FØDT DATO: \_\_\_\_\_ STAD: \_\_\_\_\_

DØYPT DATO: \_\_\_\_\_ STAD: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

MOBILNUMMER TIL KONFIRMANTEN: \_\_\_\_\_

MAIL TIL KONFIRMANTEN: \_\_\_\_\_

FAR: \_\_\_\_\_ TLF: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_ MAIL: \_\_\_\_\_

MOR: \_\_\_\_\_ TLF: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_ MAIL: \_\_\_\_\_

**EVT.MERKNAD:** (noko som er greit vi veit evt. allergier, familie forhold, er foreldra skilt og ynskjer at begge skal ha informasjon er det fint om de skriver det her, sjukdom osv.)

---

\_\_\_\_\_ Eg vil vera med på Kragerø-leiren

\_\_\_\_\_ Eg kan ikkje vera med på Kragerø-leiren

## **FORPLIKTELSE FOR KONFIRMANTEN:**

Når eg nå melder meg på konfirmasjonstida i Den norske kyrkja, vil eg slutta opp om det programmet som høyrer med. Eg har lese reglane, og er innforstått med at de skal fylgjast. Eg vil gjera mitt beste for at konfirmasjonstida skal gi utbytte både for meg sjølv og dei andre konfirmantane.

---

(konfirmantens underskrift)

## **AVTALE MED FORELDRE/FØRESATTE:**

Eg er innforstått med at guten/jenta deltek i kyrkjens konfirmasjonstid. Eg vil leggja til rette for at han/ho kan fylgja det programmet som gjeld.

Eg har lese reglane og er innforstått med at dei vert fylgd.

Eg godtek at namnet hans/hennes offentleggjerast i avisa/Menighetsbladet før konfirmasjonen at det evt. kjem namn og bilde av konfirmantane i Menighetsbladet.

---

(underskrift)

(underskrift)



# VIKTIG FØRESETNAD OG REGLAR FOR KONFIRMASJONSTIDA

## DELTA KING

For å kunne deltake i kyrkja på konfirmasjonsdagen, er det basert på to ting:

1. Ein må vera døypt (de som ikkje er døypt, kan verta døypt ei tid før konfirmasjonsdagen)
2. Ein må ha godkjent konfirmasjonstid

## GODKJENT KONFIRMASJONSTID

1. Deltaking i konfirmantopplegget (sjå programmet)
2. Heimeoppgåver vert gjort (lære Fadervår, Boda og Joh 3,16)
3. Vera med på 8 gudstenestar
4. Deltaking i bestemte tenesteoppgåver
5. Delta på minst en tur/ leir.

Det er mogleg for å laga eit tilrettelagt opplegg, når det er behov for det.

## FRÅVÆR:

### – SJUKDOM

Ved sjukdom må foreldra/føresette melda frå til konfirmantleiar/prest før konfirmanttimen.

### – ANDRE GODE GRUNNAR

Når ein har meldt seg opp som konfirmant, forventar vi at dette har fyrste prioritet dette året. Dersom konfirmanten skal deltake på viktige ting i familiesamanheng, eller andre ting som opplevast viktig, må dette takast opp om det kolliderer med konfirmantprogrammet.

Deltaking på trening/øving osv. innanfor idrett eller andre fritidssyslar er ikkje godkjent grunn som fråvær. Det er heller ikkje god nok grunn at ein har meldt seg på eit anna kurs som kolliderer med konfirmantprogrammet. **Men det er viktig å taka kontakt i forkant for at vi kan snakka om det.**

### – FRÅVÆR SOM IKKJE VERT MELDT

Dersom konfirmanten er fråverande utan at vi har fått melding, kan heimen verta kontakta.

For at alle skal få mest mogleg utbytte, er det viktig at kvar enkelt bidrege positivt til at det vert ro og orden på samlingane. På leiren der det naudsynt at alle fylgjar dei reglane som er lagt for leiren elles vil det bli teke kontakt med heimen. Det er heilt avgjerande at alle fylgjer dei reglar som er for å kunne deltake på leiren.

## ØKONOMI:

Kostnaden for konfirmantleir i Kragerø 2018 var ca 2 000 kr. Vi vonar det er forståing for at dette er eit flott tilbod til kyrkjelydens konfirmantar. Men vi ynskjer ikkje at økonomien skal vera eit hinder for at alle konfirmantar skal vera med. Ta heller kontakt med kyrkjeverge/prest, så kan soknerådet vera behjelpelig for den som treng det. Turen til Lakkenstova dekkes utan kostnad for konfirmanten.

## SAMARBEID:

Konfirmantopplegget er avhengig av eit godt samarbeid mellom heim og kyrkje.

Vi ynskjer at det er lav terskel for å taka kontakt. Det trur vi vil vera til gjensidig nytte at alle kan vera med å gjera dette samarbeidet så godt som mogleg. Det er betre å taka kontakt for mykje enn for lite.

Kontrakt for konfirmasjonstida sendes Kirkekontoret i Audnedal, Konsmogarden 6, 4525 Konsmo eller sendes på mail.

Geir Ola Tveit- sokneprest Konsmo, Grindheim og Åseral tlf 958 08 836

[Geir.ola.tveit@audnedal.kommune.no](mailto:Geir.ola.tveit@audnedal.kommune.no)

Ingunn Birkeland – kirkeverge tlf. 38 28 20 12 (man-tirs-tors 10-14)

[Ingunn.birkeland@audnedal.kommune.no](mailto:Ingunn.birkeland@audnedal.kommune.no)



DEN NORSKE KIRKE

Konsmo og Grindheim menigheter